



Arve Aarhus

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/192 - 14/8571

Saksbehandlar:
Øyvind Hatleli
oyvind.hatleli@radoy.kommune.no

Dato:
09.09.2014

Deltaking hjorteprosjekt Radøy kommune

Viser til projektskisse om hjorteprosjekt «Forvaltning av hjortebestand 2013-2017» frå Sogn og fjordane skogeigarlag BA og Vestskog BA. Det har vore viktig med god informasjon ut til valda og jegerstanden, og gjennom diskusjon med dei få fram synspunkt og meiningar om deltaking i prosjektet.

Alle valdleiarane frå Austrheim, Radøy og Fedje vart invitert til informasjonsmøte der Arve Aarhus fortalte om prosjektet. Møtet var utgangspunkt for vurderinga underutvalet for vilt og innladsfiske gjorde av prosjektet. Tilbakemeldingane frå valda var stort sett negative med tanke på deltaking i prosjektet. Dette var mest med bakgrunn i kostnaden til prosjektet på lang sikt, og dermed mindre handlingsrom med viltfondet til mellom anna kunnskapsheving av jegerstanden. Det var også motføresegner mot så store vald, drifta av slike og samarbeidet på tvers av kommunane.

Underutvalet konkluderte, med bakgrunn i tilbakemeldingane frå jegerstanden, at ein ikkje ynskjer deltaking i prosjektet slik det ligg føre no. Det er ei klar oppfatning at grunneigarane må vera positive til prosjektet før ein kan vere med. Dette var ikkje tilfellet no, men det vert lagt opp til at ei ny evaluering skal gjerast dersom tilbakemeldingane frå jegerstanden endrar seg.

Vedtak:

Radøy kommune ynskjer ikkje delta i hjorteprosjektet slik det ligg føre no. Ny evaluering skal gjerast fortløpande dersom tilbakemeldingane frå jegerstanden endrar seg.

Med helsing

Øyvind Hatleli
spesialkonsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Arve Aarhus